



Protokoll til styremøte i Bremnes Idrettslag

Møtenummer: 12/2024
Dato: 07.11.2024
Kl: 18:30
Stad: Klubblokalet
Innkalla: Kristian Husø Østensen, Tine Pernille Mortvedt Olsen, Stian Steinsbø Lie, Silje Tysse Fylkesnes, Kristina Nesse, Tord Isaksen, Tore Natterøy, Lene Borgen Waage, Kjell Arne Ådnanes, Lennart Andal (Vara), Johan Bjelland Håstø (Vara), Torbjørn Agdestein (ADM)

Ikkje møtt: Lene Borgen Waage, Lennart Andal, Johan Bjelland Håstø

Saksliste:

Saksnr.	Sak	Type	Ansvarleg	Tid satt av
66/24	Godkjenning av innkalling/forrige referat (protokoll) <i>Innkallinga og protokoll godkjent og protokoll legges ut på heimesida</i>	V	Kristian	3 min
67/24	Info/saker frå Administrasjonen - Kick-off <i>Forslag på dato: 18. januar. Viktig at dette er ein dato som passar dei i hovedstyret.</i> - Info epostadresser <i>E-post løysinga fungerer veldig bra for arrangement i turn. ADM skaffar 2 til i første omgang. Gjennomgang av utkast til samtykkeskjema for bruk av e-post adressene. Vedtak på at dette skal signerast på ved utlevering av e-postane</i> - <i>Leigeavtale for garasje/klubbhus</i> <i>Gjennomgang av tilsendt leigeavtale som BømloHus må ha signert av styreleiar og dagleg leiar i BIL og SIA for garasjen/klubbhuset. Avtalen ser grei ut og me signerar.</i>	O/V	ADM	10 min
68/24	Økonomi <i>Gjennomgang av regnskapet pr 30.09 og mail frå rekneskapsførar. Gruppene diskuterar treningsavgifta og konkluderara med at denne vil auka til neste år. Fotball har allereie vedtatt ei auke på 10% for alle.</i>	O	Stian	10 min
69/24	Kort oppdatering frå avdelingane: <i>Fotball:</i> <i>Auke på treningsavgift vedtatt på møtet i går. Adrian godt i gong i jobben, han besøker lag i klubben etter tur som virkar som det fungerer. SU kordinerar. Ferdig med trenarevaluering. Trenarkabal for A-lag er satt, resten settes snart. Enkelte lag slit med nok folk rundt laga. Dommarar er og eit problem, og me må jobba med rekrutteringsdommar vidare og følgja dei som ynskjer betre opp. Mykje arrangement, første: Quiz 21. desember. Jobbar med å få ting på plass til neste sesong.</i>	O/V	Lene, Tord, Tore	10 min



FOTBALL - TURN - HANDBALL OG FRIIDRETT

Bremnes Idrettslag, Idrettsveien 87, 5430 Bremnes - Tlf 53421666 - Epost: bil@bremnesil.no

	<p><i>Turn:</i> Juleframsyning 24. November. Julabord for trenarar førre fredag. Halvparten møtte. Budsjettet er delvis klart og det kjem nytt utstyr sakte men sikkert inn mot GFIV. Kretsen er godt nøgd med prosessen så langt og me ser ut til å ligge godt i rute. Tropp skal startast opp jobbar med budsjettet for dette også.</p> <p><i>Friidrett:</i> Ikkje til stades.</p>			
70/24	<p>Klesreglement - Revidering av klesreglement Kvar gruppe kjem med forslag til reglementet til desembermøtet.</p>	O/V	Alle	20 min
71/24	<p>Strategi ungdomstrenarar Mal frå Tore sendt ut til alle og vist på møtet. Gruppene skriv denne malen om for å gjer det relevant for si gruppe men behald grunnprinsippa som blir gjeldande for alle.</p>	O/V	Alle	15 min
72/24	<p>Eventuelt: - Spørsmål rundt SIA-søknaden Kristian informerar: Omega skal ha klar søknaden i neste veke. Me vil sjå søknaden og komma med kommentarar før den skal ut på Dorfin. Jalle inviteres på desemberstyremøtet</p>	O/V	Alle	10 min

Type saker: Vedtakssak=V, Orienteringssak=O,

Dersom nokon av styremedlemmane ser seg som inhabil i ei sak, ber ein om at dette meldast styreleiar så raskt som mogleg.

Kristian Husø Østensen
Leiar hovudstyret